

Møteprotokoll

GISKE KOMMUNESTYRE

Møtedato: 21.05.2026

Møtestad: Giske rådhus, kommunestyresalen

Møtetid: Kl 17:00 - 21:00

Av medlemmer møte:

Kåre Sæter	Ap
Geir Arne Dyb	FrP
Roger Johnsen Solem	FrP
Øyvind Fosse	FrP
Kenneth Langvatn	H
Kjersti Valdehaug Bakke	H
Louise Kristin Haahjem	H
Gøran Follestad	INP
Ernst Jarle Valderhaug	KrF
Harry Valderhaug	KrF
Marit G. Alnes	KrF
Svein Kåre Aarseth	KrF
Andreas Rørvik Godø	MDG
Ola André Kalvøy	Sp
Olav Sindre Roald	TLG
Randi Birgitte Kleivan	TLG
Marit Vik	V
Mona Vartdal Dimmen	V

Av varamedlemmer møte:

Caroline Odden Giske	Ap
Audun Malvin Dyb	FrP
Kristin Støbakk	H
Renate Giske	KrF
Ole Jogeir Furnes	Sp

Av medlemmer møte ikkje:

Lina Blindheimsvik Røssevold	Ap
Steinar Holm	FrP

Stig Gjethammer
Elin Støbakk
Monika Vartdal Giske

H
KrF
Sp

Frå administrasjonen: Kommunedirektør Karl André Birkhol, kommunalsjef Åse Elisabeth Skjærseth, Hilde Røsvik, økonomisjef Ann Kristin Thu.
Frå Møre og Romsdal revisjon møtte Charlotte Blomvik og Kathrin Haram.

Habilitet: Ingen innmeldte.

Innkalling og sakliste: Sak 038/26 vart trekt. Innkalling og sakliste godkjende utan merknad.
Randi Kleivan og Geir Arne Dyb vart valde til å godkjenne protokoll frå dagens møte.
Louise Haahjem hadde permisjon fram til sak 036/26.

Møteleiar:	Kenneth Langvatn
Politisk sekretær:	Ingvild Nautvik

Sakliste



Giske kommune
historisk og framtidsretta

032/26: Godkjenning av møteprotokoll

Innstilling:

Møteprotokollen blir godkjend.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend. 22 voterande.

K - 032/26 Vedtak:

Møteprotokollen blir godkjend.

033/26: Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse

Innstilling:

Saka vert tatt til vitande.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Spørsmål:

Innkome spørsmål frå Giske Sp. Ordførar svara ut (vedlagt).
Marit G. Alnes (KrF): Vegtrafikk Kamsdal.
Ole Furnes (Sp): Kvikkleirevurderingar i byggesaksbehandling.

Svar på spørsmål på siste møte:

Frå kommunedirektøren: Vedlikehald av eldre skulebygg. Dette vert teke med inn i budsjettarbeidet for neste år.

Innstillinga vart samrøystes godkjend. 22 voterande.

K - 033/26 Vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

034/26: Referatsaker

Innstilling:

Referatsakene blir tatt til vitande.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend. 22 voterande.

K - 034/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til vitande.

035/26: Rapport frå forvaltningsrevisjon 2026 - dokumenthandtering, innsyn og offentlegheit

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å vurdere tiltak og styrke internkontrollen slik at:

- tilsette har naudsynt kjennskap til gjeldande rutiner og retningslinjer
- rutiner og retningslinjer for journalføring vert etterlevd
- praktisering av innsyn og openheit er lik i heile organisasjonen
- vurderingar og avgjerder knytt til innsyn og meiroffentlegheit vert dokumentert
- avvik vert registrert og handtert når det oppstår avvik frå rutiner og retningslinjer

Kommunestyret ber kommunedirektøren innan utgangen av oktober 2026, om å rapportere til kontrollutvalet på kva tiltak som er vurdert og iverksett.

Kontrollutvalet rapporterer attende til kommunestyret når utvalet avsluttar oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Charlotte Blomvik frå Møre og Romsdal revisjon orienterte om rapporten. Kontrollutvalsleiar Kåre Sæter orienterte om saka si behandling i kontrollutvalet.

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes godkjend. 22 voterande.

K - 035/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å vurdere tiltak og styrke internkontrollen slik at:

- tilsette har naudsynt kjennskap til gjeldande rutiner og retningslinjer
- rutiner og retningslinjer for journalføring vert etterlevd
- praktisering av innsyn og openheit er lik i heile organisasjonen
- vurderingar og avgjerder knytt til innsyn og meiroffentlegheit vert dokumentert
- avvik vert registrert og handtert når det oppstår avvik frå rutiner og retningslinjer

Kommunestyret ber kommunedirektøren innan utgangen av oktober 2026, om å rapportere til kontrollutvalet på kva tiltak som er vurdert og iverksett.

Kontrollutvalet rapporterer attende til kommunestyret når utvalet avsluttar oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

036/26: Budsjettendring - vedlikehald av veg

Innstilling:

Giske kommunestyre løyver 600 000 kroner til vedlikehald av veg. Midlane blir dekte ved bruk av disposisjonsfondet.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 036/26 Vedtak:

Giske kommunestyre løyver 600 000 kroner til vedlikehald av veg. Finansiering vert å kome attende til ved budsjettjustering i juni 2026.

Giske formannskap 18.05.2026

- Alternativt forslag, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre
Giske kommunestyre løyver 600 000 kroner til vedlikehald av veg. Finansiering vert å kome attende til ved budsjettjustering i juni 2026.

Endringsforslaget til Langvatn (H) vart samrøystes godkjend.

F - 053/26 Vedtak:

Giske kommunestyre løyver 600 000 kroner til vedlikehald av veg. Finansiering vert å kome attende til ved budsjettjustering i juni 2026.

037/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025

Innstilling:

1. Giske kommunestyre godkjenner Giske kommune sin rekneskap for 2025
2. Giske kommunestyre tek årsmelding 2025 til vitande

Giske kommunestyre 21.05.2026

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 037/26 Vedtak:

1. Giske kommunestyre godkjenner Giske kommune sin rekneskap for 2025
2. Giske kommunestyre tek årsmelding 2025 til vitande

Giske formannskap 18.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 051/26 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommunestyre godkjenner Giske kommune sin rekneskap for 2025
2. Giske kommunestyre tek årsmelding 2025 til vitande



Giske kommune
historisk og framtidsretta

038/26: Nytt elektronisk pasientjournal helse og omsorg - utlysing anbod

Innstilling:

Giske kommunestyre tek til vitande at det vert lyst ut anbod for nytt elektronisk pasientjournalssystem i Giske kommune.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Saka vart utsett i påvente av behandling i råd og utval.

K - 038/26 Vedtak:

Saka vart utsatt.

Giske formannskap 18.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 055/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre tek til vitande at det vert lyst ut anbod for nytt elektronisk pasientjournalssystem i Giske kommune.

039/26: Oppnemning av person med kommunalt vigselfmynd

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek å oppnemne Hilde Kristin Røsvik som vigslar i Giske kommune.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Tilrådinga vart samrøystes godkjend.

K - 039/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek å oppnemne Hilde Kristin Røsvik som vigslar i Giske kommune.

Giske formannskap 18.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 056/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek å oppnemne Hilde Kristin Røsvik som vigslar i Giske kommune.

040/26: Vedtak om oreigning

Innstilling:

1. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. § 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av gang- og sykkelveg, samt offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/10 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
2. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/11 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
3. Giske kommune krev skjønn til fastsetting av erstatning.
4. Giske kommune søker med dette Statsforvaltaren om samtykke til at oreigninga blir iverksett før det ligg føre rettskraftig skjønn jf. Oreigningslova § 25.
5. Ei eventuell klage på oreigning skal ikkje gis oppsettande verknad.

Giske kommunestyre 21.05.2026

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 040/26 Vedtak:

1. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. § 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av gang- og sykkelveg, samt offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/10 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
2. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/11 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
3. Giske kommune krev skjønn til fastsetting av erstatning.
4. Giske kommune søker med dette Statsforvaltaren om samtykke til at oreigninga blir iverksett før det ligg føre rettskraftig skjønn jf. Oreigningslova § 25.
5. Ei eventuell klage på oreigning skal ikkje gis oppsettande verknad.

Giske formannskap 18.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 054/26 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. § 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av gang- og sykkelveg, samt offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/10 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
2. Giske kommune vedtar med heimel i pbl. 16-2 å oreigne naudsynt areal for bygging av offentleg tilkomstveg på gbnr. 185/11 i medhald av reguleringsplan Jusspimarka.
3. Giske kommune krev skjønn til fastsetting av erstatning.
4. Giske kommune søker med dette Statsforvaltaren om samtykke til at oreigninga blir iverksett før det ligg føre rettskraftig skjønn jf. Oreigningslova § 25.
5. Ei eventuell klage på oreigning skal ikkje gis oppsettande verknad.

041/26: Budsjettendring Investering - ubrukte løyvingar frå 2025

Innstilling:

Investeringar vert overført frå 2025 til 2026 med kr 101 155 000. Dette vert finansiert med Kompensasjon for meirverdiavgift med kr 11 760 000 og lån på kr 89 625 000, slik det kjem fram av vedlagte løyvingsoversikter. Bruk av lån vert delvis finansiert gjennom ubrukte lånemidler med kr 47 537 000, og resten kr 42 088 000 i nye lån.

Giske kommunestyre godkjenner at det vert tatt opp rammelån på kr 42 088 000.

Giske kommunestyre 21.05.2026

- Alternativt forslag i staden for andre ledd i tilrådinga: , foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre

Giske kommunestyre godkjenner at det vert tatt opp rammelån på inntil kr 42 088 000 for å finansiere investeringar for gjennomføring i 2026.

- Tilleggsforslag: Prioriteringer innad i budsjettet, foreslått av Andreas Rørvik Godø, Miljøpartiet Dei Grøne

Postar som kommunestyret spesifikt legg inn i løpet av budsjettbehandlinga (ref.sak 25/3696-11 Handlings- og økonomiplan 2026-2029), skal gjennomførast i løpet av det angitte året.
Forslaget vart trekt og revidert forslag vart lagt fram.

- Prioritering innad i budsjettet, foreslått av Andreas Rørvik Godø, Miljøpartiet Dei Grøne
Postar som kommunestyret spesifikt legg inn i løpet av budsjettbehandlinga (ref.sak 25/3696-11 Handlings- og økonomiplan 2026-2029), skal startast i løpet av det angitte året.
For budsjettåret 2026 gjeld dette «sikringsgjerde på Valdervoll» og «Oppgradering av kjøkken på Godøy eldresenter».

Endringsforslaget til Langvatn: Samrøystes godkjend.

Tilrådinga med endringsforslag: Samrøystes godkjend.

Tilleggsforslaget frå Godø vart godkjend med 16 mot 7 røyster: 2 H, 4 Frp, 1 TLG røysta imot.

K - 041/26 Vedtak:

Investeringar vert overført frå 2025 til 2026 med kr 101 155 000. Dette vert finansiert med Kompensasjon for meirverdiavgift med kr 11 760 000 og lån på kr 89 625 000, slik det kjem fram av vedlagte løyvingsoversikter. Bruk av lån vert delvis finansiert gjennom ubrukte lånemidler med kr 47 537 000, og resten kr 42 088 000 i nye lån.

Giske kommunestyre godkjenner at det vert tatt opp rammelån på inntil kr 42 088 000 for å finansiere investeringar for gjennomføring i 2026.

Postar som kommunestyret spesifikt legg inn i løpet av budsjettbehandlinga (ref.sak 25/3696-11 Handlings- og økonomiplan 2026-2029), skal startast i løpet av det angitte året.

For budsjettåret 2026 gjeld dette «sikringsgjerd på Valdervoll» og «Oppgradering av kjøkken på Godøy eldresenter».

Giske formannskap 18.05.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 052/26 Vedtak:

Tilråding:

Investeringar vert overført frå 2025 til 2026 med kr 101 155 000. Dette vert finansiert med Kompensasjon for meirverdiavgift med kr 11 760 000 og lån på kr 89 625 000, slik det kjem fram av vedlagte løyvingsoversikter. Bruk av lån vert delvis finansiert gjennom ubrukte lånemidler med kr 47 537 000, og resten kr 42 088 000 i nye lån.

Giske kommunestyre godkjenner at det vert tatt opp rammelån på kr 42 088 000.